



SAKSHANDSAMAR
Carl Gordon Stavøstrand

VÅR DATO
27.09.2021

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.
21/00193-2

DYKKAR REF.
2020/35485-14

DYKKAR DATO

Stiftinga Wittgenstein
Fjordstova
6876 Skjolden

Luster Kommune
Rådhuset
6868 Gaupne

Ludwig Wittgenstein sitt hus, gnr./ bnr. 20/307, og deler av gnr./ bnr. 0 /1, Luster kommune - vedtak om freding



Vi viser til fredingsforslag for Ludwig Wittgenstein sitt hus datert 02.11.2020 som har vore på høyring hos aktuelle partar og instansar. På grunnlag av dette fattar Riksantikvaren følgjande vedtak:

VEDTAK:

Med heimel i lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 § 15 og § 19 jf. § 22, fredar Riksantikvaren Ludwig Wittgenstein sitt hus, gnr./bnr. 20/307, og deler av gnr./bnr. 0/1, i Luster kommune.

Omfanget av fredinga

Fredinga etter § 15 omfattar fylgjande bygning:


- Ludwig Wittgenstein sitt hus, bygningsnummer 300715698, Askeladden id: 247129-1

Fredinga omfattar eksteriøret til bygningen og inkluderer hovudelement som planløyising, materialbruk og overflatebehandling og detaljer som vinduer, dører, gerikter og listverk.

- Askeladden id: 247129-2

Fredinga etter § 19 omfattar området merka av på kartet nedanfor.

- Askeladden id: 247129



Formålet med fredinga

Formålet med fredinga er å bevare Ludwig Wittgenstein sitt hus, som eit bygningshistorisk og kulturhistorisk viktig anlegg der Wittgenstein budde og skreiv delar av verket Filosofiske undersøkelser.

Fredinga skal sikre dei kulturhistoriske og bygningshistoriske verdiane i heilskapen mellom bygningen, stien og tomta.

Fredinga av bygningen sitt eksteriør skal sikre bygningens hovudstruktur og det arkitektoniske uttrykket, samt detaljeringa, som fasadeløysing, opphavlege/eldre vinduer og dører, materialbruk og overflater.

Fredinga av stien frå Eidsvatnet og opp til huset skal ivareta samanhengen mellom sjøen og huset, og vise Wittgenstein sitt behov for å ha ein bustad og arbeidsplass som var lite tilgjengeleg og som fylje av dette gav han arbeidsro.

Formålet med fredinga av området rundt bygningen er å sikre verknaden i miljøet gjennom å oppretthalde anleggets karakter av ein vanskeleg tilgjengeleg plass, plassert vekke frå andre bygningar i området.

Fredingsføresegner

Fredingsføresegnene er utforma i samsvar med formålet med fredinga og gjeld i tillegg til kulturminnelova sine føresegn om vedtaksfreda kulturminne frå nyare tid.

Kulturminne fredet etter kulturminneloven § 15

1. Det er ikkje tillate å rive, skade eller flytte bygningen og stien eller deler av dei.
2. Det er ikkje tillate å byggje om eksteriøret til bygningen. (Unnateke frå dette er eventuelle tilbakeføringar, jf. punkt 5.)
3. Det er ikkje tillate å skifte ut bygningselement eller materiale, forandre overflater eller utføre anna arbeid ut over vanleg vedlikehald på eksteriør eller konstruksjonar på bygningen(ane) (Unnateke frå dette er eventuelle tilbakeføringar, jf. punkt 5.)
4. Alt vedlikehald og all istandsetjing skal skje med materiale og metodar som er i tråd med bygningen og stien sin eigenart og på ein måte som ikkje reduserer dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane.
5. Tilbakeføringar til opphaveleg eller tidlegare utsjånad og/eller konstruksjonar kan det gjevast løyve til i særlege tilfelle under føresetnad av at tiltaket kan gjerast på eit sikkert, dokumentert grunnlag og etter dispensasjon frå kulturminnestyresmaktene.

Kulturminne fredet etter kulturminneloven § 19

6. Innanfor det freda området må det ikkje verte sett i verk tiltak eller bruksendringar som kan forandre området sin karakter eller på annan måte motverke formålet med fredinga. Dette gjeld alle former for busetnad, anlegg og utviding av veg eller parkeringsplass, oppsetjing av gjerde, skilt, endring av planting eller beleg, planering, utfylling og andre landskapsinngrep. Det kan gjerast unnatak for universell utforming, jf. punkt 7.
7. Det kan gjevast løyve til ei universell utforma tilgangsløysing som sikrar åtgang for besøkande med funksjonshemming etter dispensasjon frå kulturminnestyresmaktene. Ei slik eventuell løysing bør innebere minst mogleg inngrep i fredingsområdet.
8. Det kan utarbeidast ein forvaltningsplan for området. Planen skal godkjennast av kulturminnestyresmaktene. Forvaltningsplanen skal innehalde retningslinjer for bruk, vedlikehald og eventuell tilbakeføring. Planen må rullerast.

Følgjer av fredinga

Lovheimel

Når det gjeld handsaminga av freda hus og område blir det vist til kulturminnelova §§ 15a, 16, 17 og 18 og 19, samt ovannemnde fredingsføresegner.

Arbeid som krev løyve etter plan- og bygningslova, må i tillegg leggjast fram for kommunale styresmakter. Det blir gjort merksam på at løyve etter kulturminnelova må vere gjeve før arbeid i tråd med plan- og bygningslova kan settast i verk.

Vedlikehald

Det er eigar som har ansvar for det jamne vedlikehaldet av freda bygningar og anlegg. Det grunnleggjande prinsippet for vedlikehald av freda bygningar er å bevare mest mogeleg av dei opphavlege eller eldre bygningselementa og detaljar som kledning, vindaug, dører, listverk, gerikter og overflatebehandling. Vedlikehald av freda bygningar og anlegg skal så langt som mogeleg skje i samsvar med opphavelog utføring, teknikk og materialbruk og i samsvar med fredingsføresegnene.

For meir informasjon om vedlikehald og forvaltning av freda bygningar og anlegg, viser vi til Riksantikvarens informasjonsblad.

Dispensasjon

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve/dispensasjon til å setje i gang alle typar tiltak som går utover vanleg vedlikehald, jf. kulturminnelova §§ 15a (og for tiltak innafor freda område etter kml § 19 tredje ledd). Søknad om løyve skal sendast til fylkeskommunen som avgjer om tiltaket kan settast i verk, ev. på kva vilkår. Dersom det oppstår tvil om kva som kan reknast som vanleg vedlikehald, skal ein likeins kontakte fylkeskommunen.

Økonomisk tilskot

Det er høve til å søkje fylkeskommunen om tilskot til vedlikehald og istandsetjingsarbeid.

Dersom det etter § 15a blir gjeve dispensasjon med vilkår som verkar fordyrande på arbeidet, skal det verte gitt heilt eller delvis vederlag for utgiftsauka, jf. § 15a andre ledd.

Fylkeskommunen kan gi opplysningar om frist for innsending av og krav til søknad.

Kort karakteristikk av kulturminnet

Huset vart bygd i 1914 som ein tilhaldsstad for Ludwig Wittgenstein, rekna som ein av dei største og mest innflytelsesrike filosofane i det 20. hundreåret. Wittgenstein brukte huset som ein stad han kunne trekke seg tilbake for å finne ro til å arbeide med verka sine.

Ludwig Wittgenstein sitt hus ligg plassert på ei hylle ca. 50 meter over Eidsvatnet i Skjolden. Huset har ei noko utfordrande tilkomst, der ein kan nå det med båt over Eidsvatnet eller frå ein sti langs austsida av vatnet. Frå vatnet og opp til huset er det ein smal bratt sti, stien har parti oppmura med tørrmur for å kunne vere farbar.

Huset Wittgenstein bygde, har trekk frå både den norske og den austerriske byggeskikken. Dette gjer at det har ei utforming som skil seg noko frå hus av tilsvarande storleik i området. Grunnflata er på ca. 7x8 meter og ligg med gavlen ut mot Eidsvatnet. Huset er i 1 ½ etasje med ein liten kjellar. Grunnmuren er oppmura av gråstein, veggane er lafta og saltaket tekka med skifer. På fasaden mot vatnet er det to vindauga i første etasje, i loftsetasjen er det ein veranda som går langs heile fasaden. Døra ut til verandaen er plassert i midtaksen av fasaden og den har eit vindauga på kvar side. Inngangen til huset er på gavlsida mot tunet.

Innvendig har huset ein enkel tre-romsplan i første etasje. Der ein frå utgangsdøra kjem direkte inn i stova. Stova utgjer heile den sørlege delen av huset og tek opp omlag halve arealet i første etasje. Frå stova er det ein lem som gjev tilgang til kjellaren. På nordsida ligg kjøkkenet inn mot tunet og soverommet er plassert med utsikt over Eidsvatnet. Både kjøkkenet og soverom har inngangsdør frå stova. I det sørvestlege hjørnet av stova er trappa opp til loftsetasjen. Loftsetasjen består av eit stort ope rom der sperrene i taket går heilt ned til ytterveggen.

Alle rom i huset har veggar og tak i umåla treverk, delevis panelt og delevis med synleg tømmer. Golva i romma i første etasje er måla, medan golvet i loftsetasjen er umåla.

For nærare skildring av kulturminnet, blir det vist til vedlagte dokumentasjon.

Vurdering av kulturminnet. Grunngeving for fredingsvedtaket.

Huset sin verdi som historisk kjelde er tett knytta til personalhistoria om Ludwig Wittgenstein, og hans arbeid med verket Filosofiske undersøkelser. Huset slik det framstår i dag, er tilbakeført til slik det var på Wittgenstein si tid i Skjolden. Sjølv om huset har blitt flytta og hadde ei anna utforming då det stod på Bolstad, så var svært mykje av dei opphavlege materiala bevart slik at huset kunne førast tilbake til opphavleg utsjånad på tomta ved Eidsvatnet, samstundes som at den høge grada av autentisitet i huset vart teke vare på.

Huset er bygningshistorisk interessant på grunn av kombinasjonen av den norske og austerriske byggeskikken. Den overbygde verandaen i loftsetasjen er det trekket som tydelegast peiker mot tradisjonelle austerriske bygningar. Vidare fortel bygningen mykje om Wittgenstein sine enkle krav til bu- og arbeidsforhold og hans asketiske levesett. Der han hadde eit sterkt fokus på funksjonalitet, og at alt det unødvendige skulle vere fjerna. Vi kan òg sjå på utforminga av huset som eit bilete på hans tidlege filosofiske skrifter som var svært reinskorne og utan unødige formuleringar slik vi finn det i Tractatus Logico-Philosophicus.

Plasseringa og heilskapen mellom huset og tomta fortel mykje om Wittgenstein sitt behov for å kunne trekkje seg tilbake frå det filosofiske miljøet i Cambridge når han arbeidde med å skrive ned tankane sine om logikken. Då han bestemte seg for å bygge huset var det eit ufråvikeleg krav at huset låg avsides til, slik at han fekk best mogleg arbeidsro. Skjolden er tett knytta til arbeidet med begge hovudverka til Wittgenstein, og huset ved Eidsvatnet var der han arbeidde med det andre hovudverket sitt, Filosofiske undersøkelser.

Huset er i dag ope for besøkande og Stiftinga Wittgenstein i Skjolden bruker huset til formidling av kunnskap om Wittgenstein og Skjolden, og det arbeidet han gjorde medan han var her. Dagens bruk tek god omsyn til dei kulturhistoriske verdiane i bygningen. Stiftinga Wittgenstein i Skjolden planlegg at huset skal få ein vidare bruk som til dømes arbeidsstad og opphald i samband med forskning, kunstnarleg verksemd, samt at eigeidomen kan nyttast til oppføringar i ulike kunstuttrykk. Staden har i lang tid vore eit reisemål for forskarar og andre, og dette vil eigar vidareføre, noko som vil styrke kulturminnet sin bruksverdi.

Tilstand og økonomiske konsekvensar av freding

Vestland fylkeskommune har gjennomført ei tilstandsvurdering av bygningane.

Vurdering av tilstand og økonomi

Det er berre éin bygning som er omfatta av fredinga. I samband med at bygningen vart tilbakeført på opphaveleg plassering i 2019, vart bygningen restaurert med utskifting av det materialet som var naudsynt. I nyleg restaurert stand, er tilstanden til bygningen difor god. Ut i frå gjeldande Norsk Standard EN - NS 16096 vil dette seie at anlegget som heilskap har TG (Tilstandsgrad) 1.

Riksantikvaren si vurdering.

Ut i frå ei samla vurdering reknar ikkje Riksantikvaren på nemnde bakgrunn med at det vil innebere vesentlege økonomiske meirkostnader for staten å gjennomføre freding av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden.

Riksantikvaren si mynde

Det følgjer av kulturminnelova § 15 jf. § 22 at departementet kan frede byggverk og anlegg, eller delar av dei, av kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. Det følgjer vidare av § 19 at departementet kan frede eit område rundt eit freda kulturminne så langt det er naudsynt for å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet eller for å verne vitskaplege interesser som knyter seg til det. Mynde til å fatte vedtak om freding er delegert frå Klima- og miljødepartementet til Riksantikvaren jf forskrift 15. februar 2019 nr. 127 om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven § 2 (4).

Lokalisering og eigdomsforhold. Reguleringsmessig status

Tomta, gnr./bnr. 20/307, er eigd av Luster kommune. Vatnet, gnr./bnr. 0/1, har ikkje ein formell eigar, men som eigar av tomta som går ned til vatnet eig kommunen også den delen av vatnet som naturleg grensar til tomta ut i vatnet.

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden er eigar av huset og disponerer tomta jf. avtale av 1. oktober 2016 med Luster kommune.

Luster kommune har i kommuneplanen sin arealdel 2019-2030 regulert området til LNF, og gitt området omsynssone H730-21Wittgenstein.

Forholdet til naturmangfaldlova

Når kulturminneforvaltinga fattar vedtak, skal det samtidig gjerast ei vurdering av om dette verkar inn på naturmangfaldet. Prinsippa i lov om naturmangfald 19. juni 2009 nr. 100 (naturmangfaldlova) §§ 8 – 12 jf. § 7 skal leggjast til grunn ved offentleg myndigheitsutøving som rører ved naturmangfaldet.

Det er gjort søk i Artsdatabanken sitt Artskart og Naturbasen til Miljødirektoratet for å få naudsynt kunnskap til å avgjere dette. Søket gjaldt sårbare og trua artar.

Det er registrert sårbare eller trua artar i området som inngår i fredinga.

Desse er:

Sogneasal (sårbar)

Det er registrert ulike naturtypar i området som inngår i fredinga, og av desse er Vårufsi (ID: BN00016414) vurdert som svært viktig med rik edellauvskog med tilhøyrande kravfulle raudlisteartar knytt til gamle tre av alm og lind, samt at det er mykje rike hasselkratt her med tilhøyrande funga av kravfulle marklevande sopp.

Fredingsvedtaket inneber at gjeldande naturtilstand på eigdommen held fram. Riksantikvaren vurderer difor at fredinga av Ludwig Wittgensteins hus korkje vil kome i konflikt med naturverdiar eller påverke naturmangfaldet i negativ retning. Vedtaket er ikkje i strid med omsyn etter naturmangfoldlova.

Bakgrunn for fredinga

Ludwig Wittgenstein sitt hus vart flytta frå opphavleg plass i 1958 og bygd om til eit nytt bustadhus. I fleire år har Luster kommune og andre interesserte arbeidd for å få huset flytta tilbake til opphavleg stad og sett i stand slik det var då Wittgenstein brukte det. I 2014 vart det oppretta ein eigen stiftelse, Stiftinga Wittgenstein i Skjolden som har arbeidd for å få huset

tilbake. Riksantikvaren opna i 2015 for at ein kunne nytte tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 til tilbakeføringa av huset under føresetnad av at det vart freda.

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden, Luster kommune og dåverande Sogn og Fjordane fylkeskommune har fylgt opp dette, og i 2019 var huset ført tilbake på opphavleg stad. 20. juni 2019 varsla Sogn og Fjordane fylkeskommune oppstart av fredingssak for eigedomen.

Utgreiing for saksgang og innkomne merknader

Melding om oppstart av freding vart, i samsvar med kulturminnelova § 22 nr.1 sendt eigar og kommunen i brev av 20. juni 2019. Samtidig vart dette kunngjort i avisene Sogn Avis og Bergens Tidende.

Innkomne merknadar til varsel om oppstart av fredingssak

Brev av 2. juli 2019 frå States Vegvesen

Statens Vegvesen opplyser i brevet at dei ikkje har nokon merknadar til saka.

Brev av 4. juli 2019 frå Per-Arvid Hauge

I brevet viser Hauge til at Riksantikvaren i samband med markeringa av ferdigstillinga av tilbakeføringa av huset har antyda at ein skulle sjå på næringsutvikling i samband med ei eventuell freding av eigedomen. I sitt innspel set Hauge fokus på moglegheita for tilgjenge til eigedomen for personar med handikap og at ei tilrettelegging for denne gruppa vil vere ein styrke for næringsutviklinga i nærområdet. Han viser vidare til at det er behov for ein grusa/asfaltert gangveg på ca. 2,5 meter for at personar i rullestol kan ta seg fram på eiga hand, og kjem med forslag til ein turvegtrasé frå informasjonstavla ved FV55 og opp til huset. Vidare peikar han på utfordringane ved sikkerheit som er knytta til stien frå Eidsvatnet og opp til huset og foreslår her at det vert lagt grus på denne stien og steinheller dei siste 100 meterane, i tillegg til at det vert sett opp eit stålrekkverk.

E-post av 16. august 2019 frå Stein Birger Svensøy

I e-posten informerer Svensøy om at det innanfor området som er foreslått freda i medhald av § 19 står eit naust som tilhøyrrer gb.nr. 18/1 Gjerseggi. Bruksretten for dette er ikkje formalisert, men når dette er gjort har han planar om å restaurere naustet.

Fylkeskommunen sine kommentarar til dei innkomne merknadane:

Kommentarar til brev av 2. juli frå Statens vegvesen:

Vestland fylkeskommune har ingen kommentarar til dette brevet.

Kommentarar til brev av 4. juli 2019 frå Per-Arvid Hauge

Føremålet med fredinga er å bevare Ludvig Wittgenstein sitt hus, stien opp til huset og området rundt. Ei fredingssak har ikkje fokus på lokal næringsutvikling sjølv om objektet kan ha eigenskapar som gjev moglegheit for dette. Korleis eigedomen skal brukast i framtida vil vere opp til eigar og så lenge den tek omsyn til dei kulturhistoriske verdiane vedkjem det ikkje fylkeskommunen korleis den vert brukt.

Eigar er oppteken av at eigedomen skal ha ein allmenntilgjengleg bruk og har tilrettelagt for dette, mellom anna ved å tilrettelegge for turstiar til eigedomen frå både informasjonstavla om Wittgenstein og frå campingplassen på Vassbakken. Dei har også gjort nødvendig vedlikehald på stien til huset inne på området som er foreslått freda. I tillegg til at dei har sikra stien med tau slik den var på den tida Wittgenstein budde i huset. Huset si plassering og den bratte og smale stien opp til det er viktige element for å kunne forstå Wittgenstein sitt val av tomt til huset og hans behov for einsemd. Fylkeskommunen og Riksantikvaren har av den grunn vurdert at stien frå Eidsvatnet og opp til huset har stor eigenverdi som kulturminne. Ei stor endring av stien si overflate og tilpassing til universell utforming vil i dette tilfellet føre til stort tap av stien sin kulturhistoriske verdi og Vestland fylkeskommune meiner i at ein i denne saka må prioritere dei kulturhistoriske verdiane framfor ynsket om universell utforming av tilkomsten til huset.

Kommentarar til e-post av 16. august 2019 frå Stein Birger Svensøy

Når det gjeld eigarskap til naustet er dette eit privatrettsleg forhold som ikkje vedkjem kulturminnemynden. Ei eventuell istandsetjing av naustet vil ikkje vere i strid med føremålet med den føreslegne fredinga etter kulturminne lova § 19. Ei antikvarisk istandsetjing av naustet vil heller vere med på å styrke opplevinga av området slik det var på Ludwig Wittgenstein si tid.

Høyring av forslag om freding

Etter initiativ frå tidlegare riksantikvar, utforma Fylkeskommunen deretter fredingsforslag, og dette vart i samsvar med kulturminnelova § 22 nr.2 sendt på høyring til aktuelle partar 30. april 2020. Samstundes vart det kunngjort i avisene Sogn Avis og Bergens Tidende og Norsk lysingsblad at fredingsforslaget var lagt ut til offentleg ettersyn i Vestland fylkeskommune og Luster kommune.

Det vart gitt ein frist på 6 veker frå kunngjeringsdagen til å kome med utsegner.

Innkome merknadar til framlegg om freding

Det kom inn ein merknad til forslag om freding av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden frå Per-Arvid Hauge. Hovudutval for kultur, idrett og integrering handsama også forslag om freding i PS93/2020.

Merknad frå Per-Arvid Hauge i brev av 19. mai 2020

I merknaden viste Per-Arvid Hauge til sin innsendte merknad til varsel om oppstart av fredingssak, knytta til allmenn ferdsel i området ved Eidsvatnet. Han kjem her med innspel om utbetring av vegen frå Wittgensteintavla og vidare til huset. Her peikar han på at vegen opp frå Eidsvatnet til Wittgenstein sitt hus må bli ein trygg ferdsleveg også for vanlege folk. Han kom med forslag om at Geirr Wetti vart engasjert til å bygge ein gangveg opp til Wittgenstein sitt hus. I tillegg foreslo han at det vert sett opp eit rekkverk på den sida som vender mot Eidsvatnet.

Vedtak i hovudutval for kultur, idrett og integrering

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjorde fyljande vedtak i sak PS 93/2020:

Vedtak:

1. *Hovudutvalet er positive til forslag om freding av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden då det tek vare på dei kulturhistoriske verdiane i eigedomen på ein god måte.*
2. *Hovudutvalet ber fylkesdirektøren følge opp høyringsframlegget og kome attende med endeleg forslag til freding når høyringsmerknadane er vurderte og Luster kommune har handsama fredingsforslaget i kommunestyret.*

Fylkeskommunen sine kommentarar til innkomen merknad til framlegg om freding

Den innkomne merknaden frå Per-Arvid Hauge i brev av 19. mai 2020 tek opp att dei same problemstillingane knytt til tilkomst til huset som vart reist i hans merknad til varsel om oppstart av fredingssaka. Vestland fylkeskommune hadde då fyljande kommentar til hans merknad:

«Eigar er oppteken av at eigedomen skal ha ein allmennyttig bruk og har tilrettelagt for dette, mellom anna ved å tilrettelegge for turstiar til eigedomen frå både informasjonstavla om Wittgenstein og frå campingplassen på Vassbakken. Dei har også gjort nødvendig vedlikehald på stien til huset inne på området som er foreslått freda. I tillegg til at dei har sikra stien med tau slik den var på den tida Wittgenstein budde i huset. Huset si plassering og den bratte og smale stien opp til det er viktige element for å kunne forstå Wittgenstein sitt val av tomt til huset og hans behov for einsemd. Fylkeskommunen har av den grunn vurdert at stien frå Eidsvatnet og opp til huset har ein eigenverdi som kulturminne og er difor foreslått freda i medhald av kulturminnelova § 15. Ei stor endring av stien si overflate og tilpassing til universell

utforming vil i dette tilfellet føre til stort tap av stien sin kulturhistoriske verdi og Vestland fylkeskommune meiner at ein i denne saka må prioritere dei kulturhistoriske verdiane framfor ynsket om universell utforming av tilkomsten til huset.»

Vestland fylkeskommune har forståing for at det kan vere utfordrande for enkelte å kome seg opp stien til hytta og at nokon av dei besøkande kan ynskje seg ein anna type sti enn det som er der i dag. Fylkeskommunen har vurdert stien opp til hytta til å vere eit kulturminne av nasjonal interesse, då den fortel mykje om Ludwig Wittgenstein sitt val av tomt og utforming av omgjevnadane slik at dei stetta hans behov. Av den grunn vurderer Vestland fylkeskommune framleis at stien må bevarast i størst mogleg grad slik den er og at ein her må prioritere kulturminneverdiane framfor endring av stien. Eigar har gjort tiltak for å gjere stien framkommeleg og sikker ved å setje opp att tau langs stien som ein kan halde seg i. Dette er eit tiltak som betrar sikkerheita til dei som går opp til huset, samstundes som det tek vare på dei kulturhistoriske verdiane i stien knytt til Wittgenstein si plassering av huset.

Kommentar til vedtak i hovudutval for kultur, idrett og integrering

Etter Luster kommunestyre si handsaming av forslag om freding av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden, utarbeida administrasjonen i Vestland fylkeskommune eit endeleg forslag til vedtak om freding. Dette vert lagt fram for hovudutval for kultur, idrett og integrering i deira møte 15. oktober 2020.

Handsaming i Luster kommunestyre

Med heimel i kulturminnelova § 22 nr. 3 skal forslag om freding leggast fram for kommunestyret før vedtak om freding vert fatta. Fredingsforslaget og innkomne fråsegner vart sendt til kommunen i brev 29. juni 2020. Kommunestyret handsama saka i møte 28. august 2020 i sak 43/20. Kommunestyret uttalte:

«Luster kommune sluttar seg til framlegg frå Vestland fylkeskommune om å frede Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden.»

Handsaming i hovudutval for kultur, idrett og integrering

Etter at Luster kommunestyre hadde gjort vedtak i saka, vart forslag om freding handsama i hovudutval for kultur, idrett og integrering i sak PS 136/2020 i deira møte 15. oktober 2020. Der det vart gjort fyljande samrøystes vedtak:

1. Hovudutvalet er positive til framlegg om freding av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden i Luster kommune.
2. Vestland fylkeskommune sender forslaget om freding over til Riksantikvaren, og ber om at det vert gjort vedtak om freding av anlegget i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19.

Riksantikvaren sine kommentarar til høyringsfråsegnene

Høyringsfråsegner frå Per-Arvid Hauge

Hauge påpeikte i to fråsegn behovet for å gjere huset til Wittgenstein tilgjengeleg for personar med handikap. Riksantikvaren vurderer universell utforming som ynskjeleg og naudsynt der det er mogleg. Men det er ikkje eit krav ein kan stille til alle kulturmiljø. Ei utviding av eksisterande sti vil skade den kulturhistoriske verdien til stien, skriv fylkeskommunen som svar til Hauge. Slik dette kulturminnet ligg i terrenget er det også vanskeleg å byggje ny veg utan inngrep i fredingsområdet rundt bygningen.

Riksantikvaren vil likevel ikkje avvise at ein kan finne ei løysing som sikrar betre tilgang til Wittgenstein sitt hus utan å redusere den kulturhistoriske verdien knytt til den gamle vegen. Det kan vere ei løysing som er resultat av framtidens teknologi og tekniske løysingar. Det er

kulturminnestyresmaktene som vil måtte avgjere dette gjennom ei eventuell dispensasjon frå fredinga.

Per-Arvid Hauge skriv også i sine fråsegn at ein burde gjere stien opp til huset meir sikker. Fylkeskommunen svarar at stien har fått vedlikehald og sikring gjennom tau. Riksantikvaren støttar dei vurderingane fylkeskommunen har gjort for å sikre stien innanfor det som er mogleg utan å redusere den kulturhistoriske verdien. Riksantikvaren oppmodar samtidig fylkeskommune og eigar til å gje stien ettersyn, og sørgje for at stien er tilstrekkeleg sikra og vedlikehalden i etterkant av freding. Dette kan innebere betre sikring enn det stien har i dag dersom ein ser at det oppstår sikkerheitsutfordringar med dagens løysing.

E-post av 16. august 2019 frå Stein Birger Svensøy

I e-posten til Svensøy vart fylkeskommunen gjort oppmerksom på at det ligg eit naust innanfor fredingsområdet som skal restaurerast. Fylkeskommunen svarte at ei antikvarisk istandsetjing av nauset vil vere med å styrke opplevinga av området. Riksantikvaren vil påpeike at ein ikkje kan gje føringar for at istandsetjinga må vere antikvarisk. Ei uforpliktande oppmoding om dette er derimot positivt.

Opplysning om høve til klage og tinglysing

Det kan klagast på Riksantikvaren sitt fredingsvedtak til Klima- og miljødepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Eventuell klage blir stila til Klima- og miljødepartementet, men blir sendt Riksantikvaren innan tre veker frå fredingsvedtaket er motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Fredingsvedtaket vil bli tinglyst av Riksantikvaren i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 5.

Beste helsing

Hanna Geiran

riksantikvar

Turid Kolstadløyken

avdelingsdirektør

Brevet er elektronisk godkjend

Kopi til: Fortidsminneforeningen, Dronningens gate 11, 0152 OSLO/ Klima- og miljødepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO/ Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Mottakar	Kontaktperson	Adresse	Post
Luster kommune		Rådhuset	6868 GAUPNE
Stiftinga wittgenstein i Skjolden		Fjordstova	6876 SKJOLDEN